

ÅRSMELDING FRÅ STYRET I TROMSØ SV 2015

Styret i Tromsø SV har hatt slik samansetning etter konstituering 29.01.15 (valt på årsmøtet 24.01.15):

Leiar Pål Julius Skogholt

Nestleiar Gunhild Johansen

Skrivar Ellen Herland

Kasserar Jørund Jørgensen

Styremedlemmar Reidun Heggen

Terje Håkstad

Bjarne Rohde

Johanne Lunde (SU)

Varamedlemmar:

Tone Bjørnsen

Anders Torgeir Lind

Jens Revold

I tillegg var styret samde om følgjande:

Repr. til 1. mai-komitéen Bjarne Rohde

Repr. til 8.mars-komitéen Reidun Heggen

Ansvar for Facebook, Twitter, nettside m.m. (kommunikasjonsansvarleg.) Terje Håkstad.

Medlemmar i Tromsø SV med sentrale verv:

- Endre Lund Eriksen, sentralstyremedlem
- Julie Wilhelmsen, medlem i fagleg utval
- Torgeir Knag Fylkesnes, stortingsrepresentant
- Ellen Øseth, gruppeleiar på fylkestinget

Posisjonar i kommunen etter valet

Kommunestyregruppa:

- Ingrid Marie Kielland, gruppeleiar og leiar for byutviklingskomiteen
- Gunhild Johansen, permisjon frå gruppa så lenge ho er byråd for helse og sosial
- Pål Julius Skogholt, medlem finans og næringskomiteen
- Benjamin Arvola Notkevich, medlem i oppvekstkomiteen
- Terje Håkstad, vara møter for Gunhild Johansen, nestleiar i helsekomiteen
- Åsne Høgetveit, første vara

oooooooooooo

Styremøte

Styret har hatt **14 styremøte** i perioden 29.01. – 29.01.16. Oppmøtet har vore litt varierende, men nok til at vi var vedtaksføre. Stort og godt engasjement heile vegen. Alle møta har gått føre seg på partikontoret..

Medlemsmøte/opne møte i 2014

10.03.15: Medlemsmøte på Quality Hotel Saga. Tema: Programkomitéens forslag til valgprogram for Tromsø SV 2015. Oppmøte: 21 personar (derav 19 medlemmar).

05.10.15 Medlemsmøte på partikontoret med godkjenning av forhandlingsresultatet

02.11.15: Medlemsmøte på Quality Hotel Saga. Tema: Kommunebudsjettet 2016. Oppmøte: 13 medlemmar.

26.11.15: Medlemsmøte på Quality Hotel Saga.. Tema: Flyktninge- og asylpolitikken. Innleiar: Stortingsrepresentant Kirsti Bergsatø. Oppmøte: 20 medlemmar.

I tillegg har det vore fleire sosiale arrangement for medlemmane. Møljefest, 1. maifrokost og valkampopning med quiz og konsert.

Arbeidsplan 2015 for Tromsø SV

Årsmøtet i Tromsø SV i 2015 vedtok slik arbeidsplan:

”Politikk og valg 2015

Kommunevalgprogrammet skal vedtas i medlemsmøte innen utgangen av mars 2015.

Tromsø SV skal:

- forberede valgkampen til kommunevalget 2015
- gjennomføre valgkampen til kommunevalget 2015 med mål om 4-8 representanter i kommunestyret. Valgkampen skal også ta sikte på en ny flertallskonstellasjon som kan sikre at byrådet ikke får fornyet tillit.
- etter valget forhandle om posisjoner i en ny flertallskonstellasjon, men uten å inngå i et eventuelt nytt byråd.

For øvrig skal Tromsø SV også:

- samarbeide med fagbevegelse, miljøbevegelse, og solidaritetsorganisasjoner for å oppnå de overordna politiske målene vedtatt i programmet.

Organisasjon og skolering

Tromsø SV skal avholde minst 6 medlemsmøter/åpne møter for å skolere medlemmer og skape debatt i partiet og lokalsamfunnet.”

Arbeidsplanen oppfylt i stor grad.

Vi har ikkje klart å arrangere seks medlemsmøte. Det vart fem møter der vi har prøvd å gje medlemmane høve til å kome med innspel på viktige debattar i partiet lokalt og nasjonalt.

Valkmapen var det viktigaste arbeidet i Tromsø SV i året som gjekk. Resultatet var godt. Vi dobla kommunestyregruppa og bidrog til eit nytt fleirtal i kommunen. I valkampen var omtrent 100 medlemmar aktivt med på eit eller anna nivå. Det meiner styret er svært tilfredsstillande og tyder på eit godt engasjement blant medlemmane for Tromsø SVs politikk.

Vi har i løpet av året inngått ein formell samarbeidsavtale med LO i Tromsø

Meir om valkampen

Tromsø SV oppnådde 2649 stemmer, 7,9% og fire mandat i kommunestyret. Vi hadde ein margin på 69 røyster på sistemandatet. Vi ville trengt ca 730 røyster til for å tatt eit femte mandat.

Oppslutninga vår steig med 39% samanlikna med sist kommunestyreval. Det er så vidt eg har klart å sjå det beste resultatet blant alle dei store kommunane i Noreg. Det er betre enn Ap i Tromsø, men

dårlegare enn Raudt. Vi kan oppsummere med at vi har gjort noko rett.

Ein valkamp i korte trekk ut på:

- 1.Politikken vi vil ha oppslutnad om
- 2.Måten kandidatane sel den politiske budskapen
- 3.Entusiasmen og deltakinga frå medlemmar og sympatisørar
- 4.Organiseringa.

Kort oppsummert fungerte to og tre svært godt i valkampen. 1 og 4 fungerte meir måteleg, sjølv om punkt fire gjekk seg godt til mot slutten av valkampen.

Styret gjorde fleire vedtak om valkampen. Desse vedtaka la grunnlaget for valkampen, og planen vart i store trekk følgt, sjølv om budskapsplanen for facebook vart styrt av hendingar på utsida i staden for den planen vi vedtok.

Valkampgruppa fungerte i all hovudsak greitt, vi var i stand til å diskutere og legge føringar for valkampinnsatsen. Samstundes unngjekk vi at det vart i tvangstrøye at alt skulle diskuterast der. Det gjorde oss i stand til å reagere raskt på hendingar i valkampen.

Vi var også i denne valkampen alt for seint ute med mange ting. Sjølv om vi starta tidleg å snakke om valkampen skjedde det lite arbeid før i juni. Løpesetlane vart først ferdige i byrjinga av august. Vi hadde stands både i mai og juni med "improvisert" materiell som fungerte greitt, men hovudbrosjyrene var seint ferdige. Programmet var tidleg ferdig. Vi kunne med hell kunne brukt litt meir tid på programmet. Det hadde preg av slumsete redigering og nokre manglar som vart tydelege i valkampen.

Vi hadde rundt 20 stands i valkampen. Flest i sentrum, men og på Kvaløya, på Jekta og på Universitetet. Vi delte ut rundt 7000 løpesetlar på stands. 6000 av hovudløpesetlane og ca 1000 av dei meir improviserte. Det fungerte godt å køyre små opplag med slike improviserte løpesetlar i byrjinga av valkampen. Styret er nøgd med det materiellet vi produserte lokalt, både format og innhald var godt. Det vi ikkje fekk til i denne valkampen var å få materiell og nettside til å fungere godt nok i lag. Nettsida burde hatt eit betre innhald på sentrale politikkområde og vi burde brukt video i enno større grad enn det vi gjorde. Fram mot neste valkamp bør vi skaffe oss betre kunnskap om produksjon og redigering av video, sjølv om amatørvideoane både om tromsømarka og frå pensjonistgeriljaen fungerte godt og fekk stor spreiding.

Vi hadde ein treg start på mobiliseringa i valkampen, men det tok seg opp utover valkampen. Alle medlemmane vart oppringt av valkampsekretærene våre; Benjamin Arvola Notkevich og Anders Lind gjorde ein fantastisk jobb i avslutninga med å omgjere entusiasmen til arbeidsinnsats. Totalt var det 100 mennesker som gjorde ein innsats i valkampen for SV. Dei delte ut 7000 løpesetlar på stand, og la 23 000 løpesedlar i ulike postkassar i byen. Det er naturleg å tru at desse og fleire til gjorde ein kjempeinnsats i valkampen med å snakke bra om SV og kandidatane våre.

Den oppsummeringa vi gjorde på medlemsmøtet tyder og på at medlemmane var nøgde. Dei skraut av kandidatane og at vi var tilstades i media. Meinte vi framsto som grundige og skikkelege og med godt humør. Fleire kunne tenkt seg å gjort meir i valkampen.

Valresultat i bydelane

Framgangen vår i dei ulike bydelane er svært ulik. Sommerlyst (vår beste krets) og Breivika ligg omtrent akkurat på kommunesnittet. Bjerkaker og Kaldfjord ligg langt under med ein framgang på 13 og 17%. Reinen er den einaste av dei større kretsane der vi har eit dårlegare resultat enn ved forrige kommuneval. Størst framgang har vi på Tomasjord, i Kroken, Hamna, Tromdalen og Stakkevollan. Alle har ein vekst på 70% eller meir. Det må vere rimeleg å anta at tromsømarka har hatt betydning i alle fall for Hamna, Stakkevollan og Mortensnes. Framgangen på fastlandet, unntatt Reinen er vanskelegare å forklare. I dei mindre kretsane blir tala så små at det ikkje er relevant å sjå på. Dersom ein eller to har førehandsstemt kan det endre totalt på resultatet. Vi hadde fire kretsar med meir enn ti prosent oppslutning. Det var Sentrum, Stakkevollan, Fagereng og Sommerlyst. Fire kretsar til låg mellom ni og ti prosent. Det var Bjerkaker, Breivika, Mortensnes og Hamna. Desse åtte kretsane utgjorde meir enn halvparten av valtingsrøystene våre. Vi hadde større oppslutning på valtinget enn av førehandsrøystene. Det tyder på ein oppadgåande trend i valkampen, men og låg oppslutning blant studentar og andre som i større grad førehandsrøyster.

Litt kuriosita til slutt. Sommarøy hadde sterkast vekst av alle, med 164%. Der gjekk vi frå 3 til sju stemmer. Straumbukta hadde kraftigast nedgang med minus 55 %, der gjekk vi frå 24 til ni stemmer. I to kretsar fekk vi ingen stemmer. Men i år fekk vi ein stemme på Malangshalvøya!

Resultatet av forhandlingane etter valet

Styret oppnemde eit gruppe som skulle forhandle med Raudt og AP etter valet. Dei tre var Pål Julius Skogholt, Ingrid Marie Kielland og Gunhild Johansen. Resultatet av forhandlingane var svært godt og entusiastisk bifalt av medlemsmøtet 5. oktober. Heile forhandlingsresultatet ligg tilgjengeleg på nettsidene til Tromsø SV.

Kort oppsummert om politikken:

- Legge til rette for boligbygging og selv bygge minimum 400 utleieboliger
- Stoppe privatiseringen av Tromsø kommune
- Være aktiv og tilretteleggende for eksisterende og nye virksomheter
- Fastsette grenser for Tromsømarka
- Sette ambisiøse og konkrete klimamål for kommunen
- Gjennomføre konkrete klimatiltak
- Gjennomføre en tillitsreform i helse og omsorgssektoren
- Ansette minimum 40 nye lærere i Tromsøskolen
- Innføre to barnehageopptak i året og ikke å øke foreldrebetalingen i SFO
- Samarbeidspartiene skal bygge Tromsøbadet
- Bedre tilretteleggingen for gående og syklende, sommer som vinter
- Bygge E8 og sikre finansiering og bygging Kvaløyforbindelsen

- Styrke samarbeidet med våre nabokommuner, region og landsdel
- Styrke Tromsø som solidaritetskommune
- Sikre trygg økonomisk styring, slik at vi kan gjennomføre planene om Otium, helsehus og tromsøbadet

I tillegg fekk vi gjennomslag for å fjerne parlamentarismen i Tromsø frå og med 1. juli 2016. Det er ein stor siger for Tromsø SV og for demokratiet i Tromsø. Kommunestyregruppa har ein stor jobb med å omgjere forhandlingsresultatet til faktisk politikk i perioden.

Medlemstalet i Tromsø SV pr. 31.12.15 var: 199 (Pr. 31.12.14: 190)

000

Pål Julius Skogholt (sign.)	Gunhild Johansen (sign.)	Bjarne Rohde (sign.)	Jørund Jørgensen (sign.)
--------------------------------	-----------------------------	-------------------------	-----------------------------

Terje Håkstad (sign.)	Reidun Heggen (sign.)	Johanne Lunde (SU) (sign.)
--------------------------	--------------------------	-------------------------------

Ellen Herland
(sign.)